

# FORSKRIFT OM GODTGJERSLE FOR FOLKEVALDE I HAREID KOMMUNE

## 1 KVEN ER OMFATTA AV FORSKRIFTA

### § 1-1 Kven er omfatta av ordninga

Forskrifta gjeld for kommunale folkevalde i Hareid kommune.

Folkevalde er medlemmer og varamedlemar av kommunestyret, formannskap, alle faste utval og komitear etter paragrafane 5-1 og 5-2 i kommunelova og lovpålagte råd og utval. Reglane gjeld også for personar som kommunestyret har vald som representantar i eksterne styre og råd.

## 2 KRAV PÅ FRI FRÅ ARBEID

### § 2-1 Fri frå arbeid

I samsvar med paragraf 8-2 i kommunelova har arbeidstakar krav på fri frå arbeid dersom det er naudsynt på grunn av møteplikt i kommunale organ.

Den folkevalde må sjølv syte for nærare avtale om dette med sin arbeidsgivar.

## 3 GODTGJERSLEGRUNNLAG OG REGULERING

### § 3-1 Grunnlag og regulering

Folkevalde har krav på godtgjersle for sitt arbeid som folkevald, jamfør kommunelova paragraf 8-4. Godtgjersle for folkevalde i Hareid kommune er låst til grunnbeløpet i folketrygda (G). Godtgjersla vert regulert i samsvar med endringar i dette grunnbeløpet.

Endringane vert gjort gjeldande frå same dato som for folketrygda, det vil seie 1. mai.

## 4. GODTGJERSLE FOR ORDFØRAR OG VARAORDFØRAR

### § 4-1 Fast årleg godtgjersle

Godtgjersle for ordførar skal vere 9 G.

Godtgjersle for varaordførar skal vere 1 G.

Godtgjersla skal utbetalast med 1/12 kvar månad med saman med lønsutbetaling for administrativt tilsette. Vanlege reglar for skattetrekk med vidare gjeld.

Godtgjersla til ordførar omfattar alt som ligg til vervet. Ordførar får dermed ikkje møtegodtgjersle eller refusjon for tapt arbeidsforteneste for å utføre kommunale ombod.

Vara ordførar får ikkje møtegodtgjersle, men får dekkja tapt arbeidsforteneste knytt til vervet som varaordførar opp til 0,9 G. Sjå elles kapittel 6.

### § 4-2 Ferie

Ordførar har rett til fem veker ferie per år. Ordførar melder tida for ferieavviklinga til formannskapet.

### § 4-3 Sjukdom

Ved sjukdom har ordførar rett til godtgjersle i 50 veker. Deretter skal formannskap/kommunestyre gjere naudsynte vedtak.

### §4-4 Pensjonsordning

Ordførar og varaordførar vert innmeldt i pensjonsordninga for folkevalde. Ordførar i 100 prosent stilling og varaordførar i 20 prosent stilling.

### § 4-5 Etterløn for ordførar

Ordførar får 1,5 månad med godtgjersle etter avslutta periode, dersom han/ho har permisjon frå fast stilling.

Dersom ordførar ikkje har fast arbeid å gå attende til, får han/ho godtgjersle i 3 månadar.

Avtroppande ordførar som får slik godtgjersle, må stille seg disponibel for kommunen i ettergodtgjersleperioden. Pensjonsrettane følgjer godtgjersletida.

Etterløn vert motrekna eventuell inntekt i etterlønnsperioden krone for krone.

Ordførar som ikkje tek attval, og som har permisjon frå fast arbeid får ikkje ettergodtgjersle.

## § 4-6 Forsikringar

Ordførar skal ha same forsikringsordningar som den øvste administrative leiaren i kommunen.

## § 4-7 Funksjon som ordførar

Formannskap/kommunestyre kan bestemme at varaordførar skal tre inn i stillinga som ordførar ved ferieavvikling, sjukdom eller permisjon. Varaordførar skal då ha godtgjerse i samsvar med regelverket for ordførar med tilsvarande innmelding i pensjonsordning.

## 5 MØTE- OG LEIARGODTGJERSLE

### § 5-1 Tabell

Dei folkevalde i Hareid kommune får godtgjersle etter følgende tabell:

Nivå	Møtegodtgjersle	Leiargodtgjersle
Nivå 1	0,011 G per møte	Ingen møtegodtgjersle til ordførar og varaordførar, sjå paragraf 4-1 Dobbel møtegodtgjersle for andre når dei leiar møte.
Nivå 2	0,009 G per møte	Årleg, fast godtgjersle for leiar på 0,13 G. Dobbel møtegodtgjersle for andre når dei leiar møte.
Nivå 3	0,007 G per møte	Dobbel møtegodtgjersle for møteleiar.
Nivå 4	0,005 G per møte	Dobbel møtegodtgjersle for møteleiar.

### § 5-2 Plassering av folkevalde organ på stigen

Nivå I kan berre nyttast for kommunestyret og formannskap.

Nivå II er i utgangspunktet reservert for hovudutval og kontrollutval.

Nivå III er for andre meir arbeidstunge utval

Nivå IV er for alle andre råd, utval, komitear og folkevalde organ.

### § 5-3 Ved omorganisering og nye utval

Det er i utgangspunktet det folkevalde organet som oppnemner eit folkevald organ som bestemmer kva nivå godtgjersla skal ligge på for det nye organet.

Som hovudregel skal det nye organet inn på nivået under det organet som utnemner det. Dersom det ikkje vert fatta vedtak om godtgjersle, skal utvalet inn på nivået under det opprettande organet.

Godtgjersla knytt til eit folkevald organ skal aldri settast inn på eit høgare nivå enn det det folkevalde organet som har utnemnde det.

### § 5-4 Endre nivå for godtgjersle

Kommunestyret kan når som helst velje å endre kva godtgjersletrinn eit utval skal inn på, so lenge det ikkje strir mot paragrafane 5-2 a og 5-3 3. ledd.

### § 5-5 Generelt for alle politiske utval

### **Deltaking i delar av møte**

Frammøte i éi sak gir rett til halv godtgjersle. Varamedlemar som er innkalla men ikkje vert nytta, har rett på halv godtgjersle. Utover dette vert det ytt full møtegodtgjersle.

### **Synfaringar og andre pliktige oppmøte:**

For synfaringar og andre pliktige oppmøte på andre dagar enn møtedagen vert det betalt ei godtgjersle på 0,002 G per time.

### **Spesielle høve elles**

I spesielle høve der møta varer minst heil dag (7,5 timar) kan godtgjersle utbetalast med 0,015 G

Det skal ikkje utbetalast meir enn ei møtegodtgjersle per dag. Dersom det er to møte på ein dag vil møtegodtjersla verte utbetalt for det møtet med høgast godtgjersle.

### **Utbetaling av leiargodtgjersle**

Leiargodtgjersle for leiar i hovudutval og kontrollutvalet vert utbetalt halvårleg på etterskot. Den faste leiaren i desse utvala får ikkje dobbel møtegodtgjersle når hen leiar organet.

Andre folkevalde som trer inn som møteleiar i desse organa får dobbel møtegodtgjersle.

Leiarar som får årleg, fast godtgjersle, må delta i minst tre fjerdedelar av møta i organet hen er leiar i for å få full utbetaling. Deltak leiar på færre enn tre fjerdedelar av møta, vert godtjersla redusert tilsvarande fråværet.

## **§ 5-6 Offentlege verv utanom verv i folkevalde organ**

Folkevalde som er vald av Hareid kommunestyre/formannskap til å representere kommunen i eksterne organ/verksemder/verv, får møtegodtgjersle på linje med møte i kommunestyret.

Dersom ein folkevald i Hareid kommune vert vald til leiar av eit eksternt organ, vil det utløyse dobbel møtegodtgjersle.

Punkta ovanfor gjeld berre dersom organet/verksemda ikkje har eigne retningslinjer for utbetaling av godtgjersle.

Ordførar og varaordførar er ikkje omfatta av desse punkta då dei har eigen godtgjersle.

Tilsette som er vald av Hareid kommunestyre/formannskap til å representere kommunen i eksterne organ/verksemder får vanleg løn/dekning av utgifter og ikkje ekstra godtgjersle.

Det vert utbetalt reiseutgifter og tapt arbeidsforteneste på linje med møte i andre folkevalde organ, jamfør kapittel 7 og 8.

Folkevalde som deltek på møter i eksterne organ/verksemder må sjølv melde inn Behandling: krav om godtgjersle.

## 6 DEKKING AV TAPT ARBEIDSFORTENESTE

I samsvar med paragraf 8-3, 3. ledd i kommunelova, har folkevalde rett på dekking av eventuelt tap i inntekt på grunn av vervet.

For å kunne krevje erstatning må det ligg føre eit faktisk økonomisk tap.

### § 6-1 Refusjonsbeløp

Dokumentert tap av arbeidsinntekt vert dekt med inntil 0,025 G per dag.

Udokumentert tap i arbeidsinntekt vert dekt med 0,002 G per time eller 0,015 G per dag innanfor tidsrommet mellom kl. 08.00 og kl. 16.00.

### § 6-2 Dokumentasjon

#### Lønsmottakarar

Lønsmottakarar, som vert trekte i løn i samband med politisk verksemd, skal som dokumentasjon nytte skjema «Erklæring frå arbeidsgjevar om trekk i løn for kommunal tillitsvald». Her vil oppgåve over kva som faktisk er trekt gå fram. Nytt skjema må fyllast ut for kvart krav. Erklæringa skal vere underskriven av lønsansvarleg i firmaet.

#### Sjølvtendig næringsdrivande

Sjølvtendig næringsdrivande skal leggje fram likningsattest over næringsinntekt for dei siste tre åra. Tap per dag vert utrekna etter gjennomsnittleg, netto årsinntekt for dei siste tre åra, dividert på 230 dagar, og tap per time er dagstap dividert med 7,5.

Refusjon vert berre gitt for timane møta varer.

#### Deltidstilsette

Deltidstilsette som arbeider nokre heile dagar og har heilt fri andre dagar, får refusjon etter udokumentert tap (paragraf 6-1, andre ledd) dersom møtedagen fell på ein fridag (mellom klokka 0800 og 1600).

Deltidstilsette som arbeider eit redusert timetal per dag, får refusjon etter udokumentert tap dersom møtetida fell utanfor arbeidstida (mellom kl 0800 og 1600).

#### Arbeidstakarar med arbeidstid mellom 1600 og 0800 og turnusarbeidarar

Dersom møtet fell på fridag som er ein kompensasjon som følgje av turnus eller forskyvd arbeidstid, vert det gjeve refusjon etter udokumentert tap (paragraf 6-1, andre ledd).

## Andre grupper

Grupper utan fast løna arbeid - heimeverande, studentar, pensjonistar med meir får refusjon etter satsen for udokumentert tap i arbeidsinntekt (paragraf 6-1, andre ledd), når dei må forsømme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsverv.

## § 7 DEKKING AV ANDRE UTGIFTER

### § 7-1 Andre utgifter

I samsvar med paragraf 8-3, 1. og 2. ledd i kommunelova har folkevalde rett på dekking av utgifter knytt til reiser og eventuelle andre utgifter på grunn av vervet.

### § 7-1 Reiseutgifter

Folkevalde får godtgjort utgifter til skyss, kost- og overnatting for reiser i samband med vervet (pålagde møte, kurs med meir) etter det til ei kvar tid gjeldande reiseregulativet for kommunalt tilsette. Det vert ikkje ytt godtgjersle til reiser som kommunale folkevalde har innanfor kommunen.

Utgifter som ikkje vert refundert etter faste satsar (ferje, buss, fly og liknande), skal dokumenterast gjennom vedlagte kvitteringar.

Skjema for «reiserekning» skal nyttast ved innsending av krav.

### § 7-2 Omsorgsutgifter med meir

Ekstra og uungåelege utgifter som den folkevalde får på grunn av vervet, til dømes utgifter til pass av born under 12 år, omsorg for funksjonshemma og pleietrengande eldre vert dekt med faktiske dokumenterte utgifter.

### § 7-3 Telefongodtgjersle

Ordførar får tildelt kommunal mobiltelefon (eige reglement gjeld for slik tildeling).

Folkevalde elles kan etter søknad i særlege tilfelle få refusjon for utgifter ved bruk av eigen telefon som er nytta til utøving av ombodet.

## 8 INNSENDING AV KRAV

### § 8-1 Godtgjersle

I utval der det er fast sekretariat (administrativt) er sekretæren ansvarleg for å registrere info om møtegodtgjersle og godtgjersle til leiar.

I alle andre tilfelle har leiaren i utvalet eller den han pålegg det dette ansvaret. Registreringane skal meldast inn til servicekontoret seinast innan 15. juni og 15. desember, og utbetaling skal normalt skje i midten av juli og januar.

### § 8-2 Tapt arbeidsforteneste med meir

Tapt arbeidsforteneste eller dekking av andre utgifter har den enkelte sjølv ansvar for å melde inn.

Krav på godkjente skjema samt nødvendig dokumentasjon skal leverast

servicekontoret innan 15. mars, 15. juni, 15. september og 15. desember, og utbetaling skal normalt skje i midten av april, juli, oktober og januar

## 9 FORSIKRINGAR

### § Ulukkes- og yrkesskedeforsikring

Kommunale folkevalde er omfatta av ulukkes-/ yrkesskedeforsikringa som Hovudtariffavtalen paragraf 11 pålegg kommunen. Forsikringa gjeld under utøving av vervet, samt på reise til og frå og under utøving av representasjonsplikter.

## 10 TOLKING

### §10-1 Tolking av forskrifta

Dersom det oppstår tvil i høve tolking av reglane i denne forskrifta, vert spørsmålet avgjort kommunedirektøren.

Denne avgjerda kan klagast inn til det faste forhandlingsutvalet.

## 11 VERKNADSTIDSPUNKT

### § 11-1 Verknadstidspunkt

Forskrifta er godkjent av kommunestyret 24.10.2019 i sak PS 87/19.

Endringar vedteke av kommunestyret 21.10.2021 i sak PS 76/21.



---

Sist revidert av kommunestyret xx.xx.2023 i sak PS xx/23. Endringane trer i kraft 1. november 2023